

Radar



2016 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

32.årgang



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusoppplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jüraté Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Manger kyrkje

Kyrkja har vore stengt sidan 1.mai og det har vore gjennomført eit omfattande arbeid. Prosjektet har gått etter planen og innanfor den økonomiske ramma som Radøy kommune har stilt til rådvelde. Vi skuldar stor takk til hovedentreprenør Helge Sandvik og alle han har hatt med seg. Stor takk også til Radøy kommune som har tatt opp lån for å finansiere arbeidet. Vi har hatt eit tett og godt samarbeid både med administrasjon og politisk gjennom heile prosessen.

Våre egne tilsette har vore med i slutfasen, vaska, rydda og fått på plass både stort og smått slik at kyrkja no framstår som reinare og ryddigare enn på mange år.

Kyrkja vart tatt i bruk for første gong etter avstivinga søndag 6.november. Dette var den årlege minnegudstenesta som vert halden på Helgemessesøndag. Kyrkja hadde også 125-årsjubileum den 27.oktober. Den offisielle opningsfesten vart avvikla helga 19. og 20. november.

Vi ser fram til at kyrkja no er trygg og kan nyttast i mange år framover.

Frå soknerådet

Budsjett for 2017

Soknerådet ønsker å lage namna minnelund på Manger gravplass. Dei har også gått inn for å bygge redskapshus på Manger for å få plass til maskiner og utstyr. Framdrifta er avhengig av Radøy kommune si tildeling til investeringar for 2017.

Avgifter for 2017

Som kjent skal vi bygge ny kommune saman med Meland og Lindås. Festeavgiftene for graver må derfor harmoniserast og soknerådet har vedtatt ein auke på kr. 50 per grav/år for 2017. Avgifta vert då kr 350 per grav/år. Dersom grava er over 60 år er satsen kr. 700.

Overføring frå kommunen

Fokus i kyrkja skal ikkje først og fremst vera pengar og økonomi, men det er likevel ein viktig del av grunnlaget for at vi skal kunna driva kyrkja på Radøy på ein god måte. Den lokale kyrkja får overført over 60% av inntektene sine frå kommunen. Andre inntektskjelder er leigeinntekter, festeavgifter, gåver, offer og godtgjerdsløse for tenester.

Med unntak av kompensasjon for lønsauke og ekstra tilskot til trusoppplæring har den kommunale overføringa vore uendra sidan 2011. Dette gjer at det vert litt trongare for kvart år etter som prisane aukar. I budsjettforslaget til kommunen ser det no ut som vi får ein auke som kompenserer for generell prisstigning i perioden. Sett ut frå kommunen si økonomiske stode må vi sei oss nøgd med framlegget.

Frå kontoret

Oppgåvene vekslar mykje gjennom året men Manger kyrkje har sjølv sagt krevd mykje fokus og ressursar i året som har gått. Som følge av at Radøy kommune skal gå inn i ein ny kommune har vi også starta samtalar med våre nye kollegaer i Meland og Lindås i arbeidet fram mot eit nytt fellesråd. Det skal vera i funksjon frå 01.01.2020. Det er eit stykke fram, men 2017 vil nok verte året der vi for alvor går inn i prosessane fram mot det nye fellesrådet.

Som tidlegare år vil vi nytte høvet til å takke våre mange frivillige som vi skuldar takk for godt utført arbeid. Kyrkjelydsutval og kyrkjeforeningar i tillegg til mange andre hjelper til med både arbeid og økonomi slik at arbeidet i soknet går sin gode gang.

Vi ynskjer dykk alle ei god julehelg og eit godt nytt år.

Audun Sylta
Dagleg leiar



Julefest i Sæbø kyrkje

Laurdag 7.januar kl 1530 vert det julefest i Sæbø kyrkje.

Ingvar Fykse skal halde andakt, det vert song av Sæbø barnekor, juleregange, mat og kaffi! Vel møtt!



Tysdagstreff

Det vert nye "tysdags-treff" i Sæbø kyrkje både i januar og mars.

Tysdag 24.januar kl 19 har vi den årlege Tapas-kvelden vår.



Tysdag 28.mars kl 19 vert det igjen tysdags-treff. Meir informasjon om temaet vert å finne på kyrkjelyden sine nettsider etter kvart. Vel møtt!

Kyrkjebasar på Hordabø


Gåvekort (Trim & Trening)	Silja Grindheim
Gåvekort (Christels Trafikkskule)	Marit Marøy
Dyne og pute	Emrik Marøy
Dobb. sengesett	Arne Villanger
Gåvekort (Skjærgårdsfisk)	Klara Marøy
Gåvekort (Sentrum solstudio)	Sara K.Svenson
Fiskeskrin (Fiskenett)	Asle Rikstad
Panne	Franz Vågenes
Bilvaskebøtte (G.T.Lakk)	Knut Jørgen Masi
Gåvekort (Bunnpris Bøvågen)	Jonas Christensen
Sengesett	Borgny Håland
Str barnegenser	Sonja Dyrkorn
Panne	Ingebjørg Tolleshaug
Bilvaskebøtte (G.T.Lakk)	Arne og Siren Vågenes
Fruktkorg (Rema 1000)	Kari Korsøen
2 blomsterpotter (Felleskjøpet)	Mariell T Sundt
Ryggsekk (Sparebanken Vest)	Kristoffer K.Hammer
Gåvekort (Bygger'n Stevnebø)	Kirsten og Nils Vestrheim
Båttur 2 pers. (S.Ramsvik)	Maria Urhaug
2 blomstervaser (Tørkeloftet)	Liv Grindheim
Lysestake (Frantzen blomster)	Else Hella
Bilvaskebøtte (G.T.Lakk)	Amalie Hatlen
Gåvekort (YX Manger)	Helge Marøy
Div.hårprodukter (Twiggy frisør)	Vivian V.Nesbø
Gåvekort (Blomsterverkstaden)	Aslaug Helle
Gåvekort (SMP Bøvågen)	Elinor Brandtun
Sengesett	Laila Lilletveit
DAB radio	Bjørg og Kåre Vågenes
Bok	Sissel L. Sundby
Klokke (Risnes Elektro)	Linda Rognhaugen
Str. skjørt	Arve Mjøs
Blomsteroppsats	Bodhild Grindheim



BARNAS SIDE

Labyrint

Finn vegen til Jesusbarnet i krybba!




Finn 5 feil

Teikningar: Karoline Andersen

Det var ikkje ledig rom i Betlehem til Josef og Maria. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Prikk til prikk



Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Festhelg for Manger kyrkje

19.-20. november var det fest for Manger kyrkje, ein fest der linjene går 2000 år tilbake. For det er dét kyrkja feirar kvar søndag, Jesu oppstode tidleg ein søndag morgon for ca 2000 år sidan.

Og langs dét sporet er det bygd kyrkjer over heile kloden, kyrkjer i alle slags storleikar og fasongar. Nokre har spir som når nesten opp til den himmelen dei peikar mot. Andre har jordgolv, og minner oss om at så langt ned når Gud.

Manger kyrkje er éi av dei som er bygd langs det sporet. Og denne helga var ei dobbelt-feiring: Kyrkja er 125 år i år, og ho er nyopna etter å ha blitt stabilisert. To av oldeborna til kyrkjebyggjar Karl Askeland tok del i programmet på festen laurdag kveld. Karl Kolstad tok oss med ca 125 år tilbake i tid og levandegjorde det som skjedde omkring bygginga og vigslinga, og Jon Askeland delte raust med oss familien si oppleving den gongen og framover til i dag. Entreprenør Helge Sandvik fortalte oss kva som har skjedd med kyrkja dei siste månadane slik at me kan vera trygge på at kyrkja står.



Høvudentreprenør Helge Sandvik takka for oppdraget og hadde med seg ei gåve til kyrkjelyden



Innimellom fekk me musikalske godbitar – og anna snacks – før me runda av med tapas.

Søndag var det gudsteneste der to nye vart innlemma i kyrkjelyden gjennom dåpen, og både dei og barneko- ret som deltok, minner oss om framtida. Dei som var tilsette i kyrkja her sist, før dei som er no, deltok, pros- ten delte med oss tankane sine om bruken av kyrkja

Ordførar Jon Askeland er oldebarn til kyrkjebyggjar Karl Askeland. Han var med begge dagane.

framover, og ordføraren gjekk i preika nokre viktige steg vidare ilag med oss.

Mange, mange har gått inn og ut av denne kyrkja og andre kyrkjer, og fått liva sine ramma inn på den måten. Og både laurdag kveld og søndag føremid- dag var kyrkja fullsett, ei god markering av kva kyrkja har å seia for oss.

Takk til alle som deltok og gjorde helga til ei festhelg!

*Helsing Radøy sokneråd,
Gunnar Kartveit.*

*I dette hus er tusen toner sunget
I dette rom er hundre bønnen bedt
Til dette sted har mange føtter vandret
Noen har gått tungt og andre lett*

*I dette hus har gledens toner jublet
I dette rom har sorgen hatt sitt sted
Ved alteret er ja blitt sagt – og mumlet
I dåpens font har vannet rislet ned*

*I dette hus er himmelen til stede
Og paradiset dører står på klem
For dette er et hellig sted på jorden
Og den som kommer hit er kommet hjem.*

Kristin Solli Schoien



Godt med "kyrkjetapas"!



Den store jubileumskaka.



Sæbo barnekor var med og song på festgudstenesta søndag.

Over Stjernebru - kveldstonar ved Sognefjorden



askvik5 (Egon Askvik med familie) og gode vener hadde konsert i Knarvik kyrkje i byrjinga av oktober. Dei framførte kveldstonar for ei fullsett kyrkje. Publikum fekk også vera med på fleire av songane. Her var var mange av dei gamle og gode kvelds-songane: **Fager kveldsol smiler, Å ver hjå meg, No soli bakom blåe fjell. Men her er også nye tonar og arrangement.**

*askvik5 og gode vener – frå innspelinga i sommar
Foto: Frøydis Geithus*

Gjekk du glipp av konserten eller vil du høyra han omatt? Songane vart spelt inn på CD sommaren 2016 i Leikanger kyrkje. Kontakt Egon (easkv@online.no) eller sms 90763554 og bestill plata. Du kan også ringja 911 85 534.

- *Tilbod til lesarane til kyrkjebladet: Du får platene portofritt tilsendt. Plata kostar kr.169,- Merk bestillinga "portofritt".*

Neste nummer av Radar er påskenummeret!

Frist for innsending av stoff er 1.mars.

Er det ting du gjerne vil lesa om i bladet, eller har du eit innlegg eller bilete du vil dele med andre? Skriv gjerne ein epost til organist@radoysokn.no eller gr-lunde@online.no

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både egne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Være gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortjeneste og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.



Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

*Helsing,
Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

Bibelforteljingar i Manger kyrkje



I kyrkjestova på Manger samlast det mellom 15 og 20 born til Gudsrikeleiken, for å høyre ei bibelforteljing men også for å leika. Etter bibelforteljinga, vel ungene sjølve korleis dei vil jobbe vidare med det dei har høyrte. Kanskje har dei lyst til å male eller teikna? Kanskje dei vil lage noko med leire som seiar noko om forteljinga?

Eller... kanskje dei har lyst til å leika med sjølve forteljinga! I kyrkjestova har vi utstilt nærmare 60 forteljingar frå heile Bibelen. Denne hausten har ungene høyrte om Guds folk som vandra i ørkenen på veg til eit land der dei kunne bu. Etter nyttår held vi fram med Jesus sitt liv, og påskeforteljinga. Opplegget er for barn mellom 5-7 år.



Lutherfestdagar i Reformasjonsbyen Bergen 3. -7. mars 2017

I 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen har status som Noregs reformasjonsby og inviterer til Lutherfestdagar 3. – 5. mars.

Den 31. oktober 2017 er det 500 år sidan den tyske munken Martin Luther offentliggjorde sine berømte avlatstaser i Wittenberg, noko som skulle vise seg å forandre store deler av verda. Reformasjonsbyen Bergen er Noreg sin representant i eit nettverk av 68 europeiske byar.

Vi vil:

- synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet,
- feire dei gode fruktene av reformasjonen
- gje impulsar til debatt om våre samfunnsverdiar

Bli med på festen og få med deg dette (førebels program):

Fredag 3. mars: Luthernatt: SalmeFest i Domkirken, Historiske vandringar i reformasjonsbyen, Omvising i Kirkekunstsamlingen på Universitetsmuséet, Thank God it's Friday (TGIF) ungdomstreff i St. Jakob, Preike- kappleik på «Østre», Forteljarteater – Helga Samset og Arve Henriksen, Konsert – Improvisasjon over reformasjonens musikalske arv på «Østre».

Laurdag 4. mars: Reformasjonsbussen på Torget - til randa fylt av historiar frå si europeiske reformasjonsløype.

- Kl. 11 Lutherland opnar i Nykirken/Barnas Katedral
- Kl. 13 Offisiell opning av Reformasjonsbyen Bergen på Torgalmenningen med Salmestafett frå kl 12.30.
- Kl. 15 Et samfunn i oppbrot - kva gjer det med oss?
Samtale om reformasjonens verdiar i Universitetets Aula
- Kl. 20 Jubileumsframsyning i Johanneskirken – kor, orkester, band, solistar
- Kl. 22 Nachspiel/konsert for ungdom i St. Jakob kirke

Sundag 5. mars:

- Kl. 11 Barnas festgudsteneste i Nykirken – Barnas Katedral
- Kl. 11 Festgudsteneste i Domkirken med framføring av Reformasjonskantaten av Bach.
- Kl. 13, 14 og 15 - KODE sin religiøse kunst - omvising
- Kl. 16 Har vi mista vårt medvit om kulturarven? Debatt på Litteraturhuset
- Kl. 18 Tysk gudsteneste – replika frå 1897 - Mariakirken

Mandag 6. mars: Kyrkjekunst før og etter reformasjonen. Konferanse og folkemøte

Tysdag 7. mars: Reformasjonen - ei vellukka eksportvare? Konferanse og folkemøte

Med atterhald om endringar!

Prosjektleiari Ragna Sofie Grung Moe, rm548@kyrkja.no

Følg med på kirken.no/bjorgvin



Familiennytt

Døypte

Seremonidato

02.10.2016 Robin Tjore Hermansen
 09.10.2016 Niklas Gran-Røyseth
 09.10.2016 Brian Villanger
 16.10.2016 Tomine Isabell Friis
 Thomassen
 16.10.2016 Alette Kvamme Pletten
 23.10.2016 Iben Alexandra Mangerøy
 Larsen
 13.11.2016 Aron Sætran Myking
 20.11.2016 Julie Hella Ulvatn
 20.11.2016 Viljar Leikvoll

Vigde



Seremonidato

01.10.2016 Tone Merete Knarvik
 og Stian Inge Haukeland

Døde

Seremonidato

21.10.2016 Audun Vetås
 21.10.2016 John Pettersen
 08.11.2016 Ågot Morken
 15.11.2016 Karstein Kartveit Olsen
 18.11.2016 Margunn Karin Bauge
 18.11.2016 Henny Kvalheim
 22.11.2016 Marie Nordanger
 22.11.2016 Per Magne Mikkelsen

Her kan du
betale med
Vipps

Vipps... så har du ofra!

Har du fått med deg at du no kan gje ei offergåve i kyrkja med Vipps? Det einaste du treng gjere er å lasta ned Vipps-appen til din mobil og registrere deg som brukar. Når du er i kyrkja, søker du opp anten Hordabø, Manger eller Sæbø kyrkje, tastar inn beløpet du vil gje og trykkjer send. Det er gratis for deg som kyrkjegjengar å bruke Vipps. Soknet betalar eit gebyr på 2,5% av beløpet du gjev. Til samanlikning koster det oss kr 30 + 10% av myntofferet å setja inn kontantar i banken.

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Innkomne offer

18.09	18.sundag i treeiningstida	IKO - Kirkelig pedagogisk senter	3313,50
25.09	19.sundag i treeiningstida	Kristen Muslimmisjon	1726,25
02.10	20.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	3056,50
09.10	21.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	2142,00
16.10	22.sundag i treeiningstida	Kirkens Familievern	1712,75
23.10	23.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	1588,50
30.10	Bots og bønadedag	De fire diakoninstitusjonene	1335,00
13.11	26.sundag i treeiningstida	Evangeliesenterets landskontor	2500,00
20.11	Siste sundagen i kyrkjeåret	Trusopplæring i Radøy	9208,25
27.11	1.sundag i adventstida	Trusopplæring i Radøy	2575,00

	Hittil i 2016	Denne perioden
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	kr 5509,50	kr 0,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	kr 45 970,00	kr 16 428,25
Offer til andre organisasjonar:	kr 91 119,50	kr 12 729,50





Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant born og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!



JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk.

Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer	
Radøy sokn	3636 07 04682	

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingalova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



Nordhordland Begravelsesbyrå as

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10

Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no



AB Økonomiservice AS

Autorisert
regnskapsførerselskap
56355580

AB ØKONOMISERVICE AS

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20



REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255



Grønålvgen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so

www.tannlege.so



TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERIØR

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat



5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Bli FADDER til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid blant barn og ungdom frå 0-18 år. I dag har vi 1 medarbeidar i 60% stilling. For å utvikle dette tilbudet må vi ha ein ekstra medarbeider. Dette vil i første omgang koste ca 130.000 kvart år og då tring vi di hjelp!

Har du lyst til å bli fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din?

Ja, eg vil gje:

- NOK 89,- per mnd.
- NOK 150,- per mnd.
- NOK 300,- per mnd



FYLL UT SKJEMA PÅ BAKSIDA AV BROSJYREN

Som fadder får du fadderbevis.
Du får invitasjon til åreg fadderfest!

KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no



Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre:
[kirken.no/
radøy](http://kirken.no/radøy)

04.12	2. søndag i adventstida	11:00	Hordabø	Gudsteneste
10.12	Laurdag	19:30	Manger	Syng jula inn, Radøy damekor og gjestar
11.12	3. søndag i adventstida	15:00	Manger	Julekonsert med lokale aktørar
		16:00	Hordabø	Julekonsert med lokale aktørar
		17:30	Sæbø	Julekonsert med lokale aktørar
14.12	Onsdag	17:30	Manger	Julekonsert, songelevar kulturskulen
16.12	Fredag	18:30	Manger	Julekonsert, Manger Folkehøgskule
18.12	4. søndag i adventstida	11:00	Manger	Gudsteneste
		19:00	Manger	Konsert, Manger Musikklag og gjestar
24.12	Julaftan	14:30	Sæbø	Gudsteneste
24.12	Julaftan	14:30	Sletta	Gudsteneste
24.12	Julaftan	16:00	Hordabø	Gudsteneste
24.12	Julaftan	16:00	Manger	Gudsteneste
25.12	Juledag	12:00	Hordabø	Gudsteneste
01.01	Nyårsdag	11:00	Manger	Gudsteneste
07.01	Laurdag	15:30	Hordabø	Juletefest
08.01	Kristi openberringsdag	11:00	Hordabø	Gudsteneste
15.01	2. søndag i openberringstida	11:00	Manger	Gudsteneste
16.01	Måndag	19:00	Hordabø	Radøy kulturskule sin nyårskonsert
22.01	3. søndag i openberringstida	11:00	Sæbø	Gudsteneste
29.01	4. søndag i openberringstida	11:00	Manger	Gudsteneste
05.02	5. søndag i openberringstida	11:00	Hordabø	Gudsteneste
12.02	Såmannssundagen	11:00	Manger	Gudsteneste
19.02	Kristi forklåringsdag	11:00	Sæbø	Gudsteneste
26.02	Fastelavnssundag	11:00	Manger	Gudsteneste
05.03	1. søndag i fastetida	11:00	Hordabø	Gudsteneste
12.03	2. søndag i fastetida	11:00	Manger	Gudsteneste
19.03	3. søndag i fastetida	11:00	Sæbø	Gudsteneste
26.03	Maria bodskapsdag	11:00	Manger	Gudsteneste
02.04	4. søndag i fastetida	11:00	Hordabø	Gudsteneste

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Redaksjon: Grethe Lunde, J. William Kay

Utforming: J. William Kay • E-post: kontor@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Billete: Elin Klausen, Jens Eldøy (Billete av Biskop Nordhaug), Marvin Halleraker (Logo for Lutheråret), Pixabay (framside).



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

